



Ein krinsskule frå 1893 skal vera kvit, døra raud.

Medlemer frå Haugland og Musland Grendalag utfører for tida ein stor og omfattande dugnad. Haugland skulemuseum, i kommunal eige, og forsamlingshuset Vonheim vert målt. Men før det er den gamle skulen vaska, skrappt og flikka.



Eirik Ulvenes i ferd med å montera stilas.

Mange har spurt om det kommunale ansvaret for skulemuseet på Haugland. Bygget har i nokre år vore målingslite og lite gildt å syna fram. No vert dette retta på. Grendalaget utfører arbeidet som ein betalt dugnad. Positivt er det at same arbeidet vert gjort på forsamlingshuset Vonheim, som ligg i same tunet. Interesse og frammøte har vore godt, og dei fleste i grenda har vore på dugnad. Det fine veret den siste veka har vore lagleg for målingsarbeid.



Bente Miljeteig, Ingunn E. Myklebust, Karoline E. Myklebust og Britt Torill Mathiesen beundrar arbeidet.

Tekst: Kristin Bringedal

Foto: Tore Mathiesen/ Kristian Bringedal

Net: Thor Inge Døssland